

## Klavikord på reise



*Klavikord, LM.G.000682 B Foto: NBR*

Sommaren 2018 kom tre karer frå Tyskland til Lands Museum for å sjå på eit instrument vi har i vår samling. Ein av dei tre var instrumentmakar og dei var alle medlemmar av den Tyske Klavikord-Foreningen. Dei var på rundreise på museer i Noreg for å finne klavikord som var laga i nord-tysk tradisjon. Spesielt var dei ute etter instrumenter laga i Hamburg eller Lübeck og meinte at vårt klavikord kunne vere eit slikt eit.

Informasjonen vi hadde frå før om dette instrumentet var mangelfullt. Vi visste at det var frå Andreas Røstes-samling, museet sine første gjenstandar. Vi visste det var gammalt, men ikkje akkurat kor gammalt, ikkje kor det var frå og heller ikkje kven som hadde laga det og kven som hadde brukt det. Det er også i relativt dårleg stand og manglar delar av tangentane.

### **Kva er eit klavikord?**

Klavikord er eit musikkinstrument med tangentar. Det vert rekna som det første tangentinstrumentet. Det har eksistert i Europa frå byrjinga av 1400-talet og vore i bruk fram til 1800-talet. På 1600-talet var det i bruk i heile

Europa, mens det på 1700-talet var mest vanleg i Tyskland og fekk ein oppsving i Sverige den siste tida før det gjekk ut av bruk. I Noreg fant ein klavikord i byane og på større gardar. I dag er det 34 klavikord som vi kjenner til bevart i norske museer.

Lyden i eit klavikord er skjør og lav, så dette er eit instrument som egner seg for små rom og ikkje store konsertsalar. Dette var eit instrument ein spelte på heime. Det vart på den måten også brukt som eit øve instrument for orgel og andre tangentinstrument ein ikkje hadde plass til i heimen. Til dømes for kyrkjeorganistar var dette eit velkommen instrument for å øve på.

Namnet klavikord kjem av det latinske «clavis» som betyr tast og det greske ordet «chorde» som betyr streng.



### **Klavikord på Norsk Folkemuseum**

*Dette Klavikordet har mange likskapstrekk med vårt klavikord, både i utsjånad og i konstruksjonen. Det er bygd i 1705 i Hamburg og er merket med initialane JMB.*

*Foto: Norsk Folkemuseum*

### **Klavikordet på Lands Museum**

Vårt klavikord er ein variant utan bein. Ein må legge den på eit bord eller liknande for å spille på det. Denne type kan kanskje ha vore ein «reise»-variant, som lettare flyttast. Klavikord-ekspertane frå Tyskland daterte det

til å vere produsert mellom 1700 og 1720. Det har stiltrekka frå Hamburg-klavikorda, men dei trur ikkje at dette er laga i Tyskland, men at det er ein lokal handverkar i Noreg som har kopierte stilen frå Hamburg, kanskje kan dømet frå Norsk Folkemuseum ha vore til inspirasjon?



*Detalj av tangentene. Foto: NBR*

Ein tid, som ein motetrend, vart tangentane på mange klavikord laga i motsett farge enn det som er vanleg på piano-tangentane vi kjenner i dag. Der er undertangentane lyse og overtangentane mørke. På vårt er altså undertangentane mørke, laga i frukttre, mest sannsynleg plommetre, og overtangentane lyse, mest sannsynleg laga av lønn eller bjørk med plater i bein øvst. På endestykket på dei mørke tangentane er det satt på dekorpapir med rutemønster.

I Musikinstrumenten-Museum i Berlin sitt skriv «On the History of the Clavichord» blir det fortalt at museet instrumentforvaltar tidleg på 1900-tallet hadde sin teori om denne trenden: Dei mørke tangentane skulle framheve ein spillande kvinne sine elegante kvite hender.

Klavikordet på Lands Museum har dessverre nokre manglar. Det har blitt satt på ein ny list for å halde dei resterande tangentane på plass. Strengane manglar, og det kan ikkje lengre spele skjøre, vakre tonar. Likevel har det, at den har blitt tatt vare på, hatt sin misjon. Instrumentmakaren lager no ein

kopi av vårt klavikord på sin verkstad i Berlin. Og snart skal vårt klavikord ut i verden, til Tyskland, for å bli vist fram på utstilling.

Med inspirasjon frå Hamburg i Tyskland, til Norge og Land, tilbake til Tyskland og Berlin.



*Lydkassa har rester av dekorasjonsmaling med enkle blomsterornament. Strengene er borte, men metallstiftene står framleis.*

*Foto: NBR*

#### *Kjelder*

*Haase, Gesine: On the History of the Clavichord, Guide Sheet No. 2, Musikinstrumenten-Museum, Staatliches Institut für Musikforschung, 2nd revised edition, 2015*

*<http://www.clavichord.info/>, 30.08.19*

*<https://no.wikipedia.org/wiki/Klavikord>, 30.08.19*

*Werkstatt Andreas Hermert, Berlin*